

1
2
1
2
3
4
5
6
7
8
9
10
11
12
13
14
15
16
17
18
19
20
21
22
23
24
25
26
27
28
29
30

3

Arbeids- og organisasjonsplan Møre og Romsdal SV 2025-28

1. Innleiing

Møre og Romsdal SV skal vere eit utovervendt partilag som inviterer folk med på laget for å bygge eit grønt og rettferdig samfunn. Gjennom å byggje ein sterkare partiorganisasjon, legg vi også grunnlaget for å nå våre politiske mål.

Arbeidsplanen er ein operativ plan som angir mål og tiltak for inneverande periode. Stortingsvalet i 2025 og fylkestingsvalet i 2027 blir viktige milepålar.

- ✓ Årsmøtet i fylkeslaget vedtek planen og det tilhøyrande budsjettet
- ✓ Fylkesstyret rapporterer årleg til årsmøtet om kva tiltak som er gjennomført
- ✓ Planen skal reviderast minimum annakvart år, og kvart år om fylkesstyret eller lokallag ynskjer det.
- ✓ Planen gjeld for all aktivitet i fylkeslaget, og skal følgast opp av både tillitsvalde og folkevalde.

2. Politisk utgangspunkt

Fordeling og miljø legg grunnlaget for politikken vår, både lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt. Valprogrammet for Møre og Romsdal SV for perioden 23-27 vektlegg at klima- og naturkrisa er den største utfordringa i vår tid. Samstundes er tida prega av aukande økonomiske forskjellar. Mange opplever ein meir utrygg kvardag med dyrtid og fattigdom. Vi i SV er tydelege på at desse to krisene ikkje kan sjåast kvar for seg, men må løysast saman.

Vi i SV arbeider for eit likestilt, raust og inkluderande fylke. Eit distriktsvenleg fylke med gode offentlege tenester, eit trygt og seriøst arbeidsliv, og eit aktivt næringsliv der miljøkrav blir gjort til konkurransefortrinn. Der naturressursane blir ivaretekne for framtida og kjem fellesskapet til gode. SV ønskjer eit

4

31 rettferdig og solidarisk samfunn med blikk også utover egne fylkes- og
32 landegrensar.

33

34 Internasjonalt, er verda prega av krig og kriser. Ytre høgre er på frammarsj,
35 både globalt og i Noreg. Solidaritet og sterke fellesskapsløysingar trengst endå
36 meir enn før. SV vil vektleggje å tryggje folk sin kvardag. Vi byggjer partiet
37 nedanfrå og opp. Vi vil lytte til folk sine bekymringar, vere synlege i
38 lokalsamfunna og vise at vi er rørslene sitt parti i praksis. Saman kan vi
39 mobilisere og samle ei brei og folkeleg venstreside; for dei mange – ikkje for dei
40 få!

41

42 **3. Arbeidet i fylkeslaget**

43 Fylkesårsmøtet er Møre og Romsdal SV sitt høgaste organ. Fylkesårsmøtet vel
44 fylkesstyre. Fylkesstyret har sju medlemmar. Leiar, nestleiar og fire
45 styremedlemer blir valt av fylkesårsmøtet. I tillegg har SU ein representant i
46 fylkesstyret.

47

48 Fylkesstyret har ansvar for organisatorisk og økonomisk drift av fylkeslaget, for
49 det politiske arbeidet mellom fylkesårsmøta, og for å byggje ein trygg og god
50 partikultur. Sentrale arbeids- og ansvarsområde er å utvikle og styrke
51 partiorganisasjonen, samordne det politiske arbeidet, byggje alliansar med
52 fagrørsla og andre interesseorganisasjonar og profilere SVs politikk.

53

54 Slik arbeider vi:

55

56 **A) Samordne det politiske arbeidet mellom fylkeslaget, fylkestingsgruppa, 57 folkevalde i kommunane og stortingsrepresentanten godt**

58 1) Sørge for gode kanalar for utveksling av arbeid, idear og erfaringar.

59 Invitere til samarbeid på tvers, og halde på faste møtepunkt mellom
60 fylkesstyret, fylkestingsgruppa og stortingsrepresentanten

61 2) Vidareutvikle nyhendebrev til lokallaga/lokale folkevalde

62 3) Vidareføre dei faste lokallagsleiarmøta fire gongar i året, og vurdere å
63 etablere eit tilsvarande forum/møtepunkt for folkevalde i fylket

64

7

65 **B) Byggje alliansar med fagrørsla og miljøørsla, samt andre organisasjonar**
 66 **og fagmiljø vi deler syn med**

- 67 1) Invitere alliansepartnarar oftare til dialog og felles front, anten det gjeld
 68 uttalar, deltaking på kvarandre sine møter og arrangement eller i dagleg
 69 politisk arbeid
 70 2) Invitere alliansepartnarar til innspel i nye lokale- og fylkesprogram,
 71 budsjettframlegg m.m.
 72 3) Skape møteplassar og delta i nye fora for å auke synlegheita og truverdet
 73 vårt på fleire felt

74

75 **C). Profilere det politiske arbeidet meir systematisk**

- 76 1) Vere meir synlege i media med vår politikk, gjennomslag og prioriteringar
 77 i fylket. Få fram forskjellar og likskapar til andre parti, synleggjere
 78 fylkespolitikken og ta eigarskap til sakene våre.
 79 2) Bidra til at stortingsrepresentanten vår sitt arbeid på Stortinget syner att i
 80 heile fylket
 81 3) Bli meir profesjonelle på sosiale media og auke synlegheita der. Dele stoff
 82 frå alle lokallag og frå fylkestinget systematisk på våre SoMe-plattformer

83

84 **4. Mål for Møre og Romsdal SV fram mot 2028**

85 Det overordna organisatoriske målet er å utvikle ein sterkare organisasjon med
 86 fleire aktive medlemmar, fleire lokallag, fleire lister og fleire folkevalde. SV skal
 87 bli det naturlege møtepunktet for folk på venstresida, og stå i bresjen for ein
 88 offensiv politikk for rettferdig fordeling og miljø. Vi skal også få eit større
 89 mangfald blant våre aktive. Valkampane, inkludert opptappinga til desse, blir
 90 viktige organisatoriske byggjeperiodar.

91

92 Både i fylkes- og lokalpolitikken, skal SV vere tydelege og utolmodige for å skape
 93 forandring. Vi skal vere konstruktive og pålitelege i samarbeid med andre. Vi
 94 skal søkje makt og ta ansvar for å oppnå gjennomslag for vår politikk. Vi skal
 95 byggje tillit til veljarar og innbyggjarar.

96

97 **Mål 1: Auke i medlemstal, aktive lokallag og lister**

98 Lokallaga si viktigaste oppgåve er å bidra til medlemsvekst og å ta vare på
 99 medlemmane sine. Fylkeslaget må støtte lokallaga i dette arbeidet gjennom å

8

9

10

100 tilby meiningsfulle aktivitetar, sikre at nye medlemmar blir tekne godt imot og
101 sørgje for oppfølging slik at fleire blir motivert til å bli aktive.

102

103 I løpet av perioden skal vi

104 ✓ bli 800 medlemmar

105 ✓ ha aktive lokallag i 22 kommunar (+3 samanlikna med 2023)

106 ✓ stille lister i 22 kommunar (+4 samanlikna med 2023)

107

108 **Tiltak for å nå målet**

109 a) Fylkesstyret vel årleg ut nokre kommunar dei særskilt skal arbeide inn
110 mot på bakgrunn av faktorar som medlemstal, røystetal og
111 ressurspersonar, og tek ansvar for kontakt, aktivitetar og oppfølging i
112 desse kommunane

113 b) Fylkesstyret prioriterer arbeidet i valkampgruppe/den lange valkampen
114 2025 og 2027 høgt, der møte og kontakt med folk og veljargrupper blir
115 viktig

116 c) Fylkeslaget bidreg med synlegheit i lokallaga/kommunane gjennom
117 fysiske besøk, møteplassar (fysisk/digitalt), medieoppslag og sosiale
118 media

119 d) Små/sårbare lokallag får ekstra oppfølging av fylkesstyret til listearbeidet
120 26/27

121 e) Oppmode alle lokallag til å ha ein medlemsansvarleg og etablere gode
122 rutinar for å ta imot nye medlemmar.

123 f) Skape fleire møteplassar for medlemsverving, og drive aktiv gjenverving
124 av medlemmar som ligg an til å falle ut ved årsskiftet

125 g) Fylkeslaget har god dialog med SU og bistår SU i å danne fleire og
126 sterkare SU-lag i fylket

127 h) Fylkeslaget bidreg til å byggje ein open, trygg og støttande partikultur
128 med rom for meiningsbryting og respekt for demokratiske prosessar. Det
129 skal vere gjevande, kjekt og sosialt å engasjere seg i SV!

130

131 **Mål 2: Ein utadretta organisasjon som får med seg fleire**

132 SV må vere eit parti som inviterer inn, lyttar til folk og gir rom for å engasjere
133 seg for eit grønar og meir rettferdig samfunn. Det skal vere lett å finne ulike
134 aktivitetar og arrangement for alle medlemmar, og vi skal ha tett kontakt med
135 innbyggjarar og organisasjonar, fagmiljø og næringsliv for å utvikle og få

11

12

13

136 innspel til vår politikk. Vi skal få eit større mangfald blant våre aktive
137 medlemmar, tillitsvalde og folkevalde,

138

139 **Tiltak for å nå målet**

- 140 a) Fylkestyret og fylkestingsgruppa får betre oversikt over arrangement,
141 prosessar og tiltak i dei ulike lokallaga, bidreg til å kople saman lag som
142 kan lære av kvarandre, og tilbyr besøk til lokallaga med jamne mellomrom
143 b) God koordinering og planlegging av besøk frå sentralt og deltaking i
144 partiets interne prosessar
145 c) Alle lokallag tilbyr minst eit ope møte i året, gjerne i samarbeid med andre
146 lokallag eller organisasjonar
147 d) Oppfordre lokallaga til å invitere kvarandre og veksle på å vere vertskap
148 for møter, samlingar eller alternative lågterskelarrangement
149 e) Synleggjere aktivitetar og arrangement på nettsider, i media og sosiale
150 media, og kurse lokallaga i synlegheit og sosiale media ved behov
151 f) SV markerer seg i heile fylket på faste merkedagar 8. mars og 1. mai,
152 samt andre merkedagar som til dømes 6. februar (samefolkets dag), 5.
153 juni (verdas miljødag) og 10. oktober (verdsdagen for psykisk helse).

154

155 **Mål 3: Tillitsvalte og folkevalde får god opplæring og oppfølging**

156 Vi skal byggje nye politiske profilar gjennom å utruste og skulere våre tillitsvalde
157 og folkevalde slik at dei er trygge i verva sine, er stødige på vår politikk, får bidra
158 i politikktutviklinga og beheld engasjementet i partiet over tid. Vi skal jobbe for at
159 fleire får erfaring med verv og oppgåver for SV både lokalt og på fylkesnivå, og
160 at fleire i Møre og Romsdal SV får erfaring med verv nasjonalt.

161

162 **Tiltak for å nå målet:**

- 163 a) Sikre betre rutinar og kanalar for utveksling av idear, erfaringar og
164 kompetanse mellom folkevalde, fylkestingsgruppe og
165 stortingsrepresentant
166 b) Tilby jamnleg skulering for folkevalde for påfyll og motivasjon, og
167 vektleggje skulering i mediehandtering og sosiale media
168 c) Sørge for god deltaking på nasjonale samlingar for folkevalte og
169 tillitsvalte og i nettverka for folkevalte og tillitsvalte
170 d) Lokallagsstyra gjennomfører årleg opplæring/gjennomgang av
171 lokallagshandboka

14

15



16

- 172 e) Tilby ein mentor og/eller støttenettverk til alle unge/nye folkevalde med
173 behov allereie frå dei er kandidatar
- 174 f) Tidleg og langsiktig bygging av nye kandidatar og folkevalde til valet 27
- 175 g) Motivere nye medlemmar til å ta på seg verv og jobbe aktivt for meir
176 mangfald blant våre politiske profilar
- 177

5. Budsjett 2025-2026

	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Diverse inntekter	189 942	161 000	136 000
Overføringer fra egen org. Kontorkostnad	51 000	51 000	51 000
Overføringer fra org.fondet		15 000	15 000
Egenandeler arrangement	65 870	45 000	45 000
Overføringer fra egen org. diverse	73 072	50 000	25 000
Delfinansiering fylkestingsgruppa	80 000	80 000	80 000
Medlemskontingent	71 880	73 000	74 000
Offentlig støtte	302 564	312 500	317 000
Statsforvalteren i Vestland (Statsstøtte)	260 594	270 500	275 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	41 970	42 000	42 000
Partiskatt fra fylkestingsgruppa	96 457	95 000	95 000
<i>Sum inntekter</i>	740 843	721 500	702 000
UTGIFTER			
Administrasjon og kontor (FS, IT)	299 647	318 200	329 200
Andel fylkessekretærordning	182 789	194 000	202 000
Regnskapstjeneste SV sentralt	56 582	62 000	65 000
Tekniske tjenester SV sentralt	6 750	7 000	7 000
Programvare regnskap	5 269	6 000	6 000
Kontorleige	44 000	45 000	45 000
Bank, gebyrer o.l.	4 257	4 200	4 200
Årsmøte*	144 714	149 500	147 000
Hotell (overnatting/møterom/mat)	141 863	140 000	140 000
Innleder- og avtakingsgaver	1 972	2 000	2 000
Div	879	7 500	5 000
Rep.skap / Nom.møte /Valkampsamling	20 262	20 000	20 000
Fylkestyret		5 000	5 000
Sentrale møter og samlinger (inkl. LS og LM)	32 500	115 000	35 000
Strategisamlinger og LS	32 500	30 000	35 000
Landsmøte		85 000	
Øvrige reisekostnader (inkl. fylkessekr.)		5 000	5 000
Folkevalgtsamling/kurs	3 000		
Valgkampkostnader		200 000	
Øvrig annonsering (ikke valgkamp)			
Aktivitetsfond lokallag/støtte SU		10 000	10 000
Diverse	7 086	15 000	10 000



<i>SUM DRIFTSKOSTNADER</i>	507 209	837 700	561 200
<i>DRIFTSRESULTAT</i>	233 634	-116 200	140 800
EGENKAPITAL	-329464	-213264	-354 064